



Varslingskjema for uønskete hendingar

Vossa Jazz jobbar aktivt og målretta for å fremja likestilling, hindra diskriminering og førebygga seksuell trakassering. Alle som deltek på Vossa Jazz skal ha ei trygg oppleving.

Vossa Jazz har nulltoleranse når det gjeld all form for trakassering. Trakassering, også seksuell trakassering, er uønskt merksemd som har som mål eller verknad å vera krenkande, skremmande, fiendtleg, nedverdiggande, audmjukande eller plagsam.

Tilsette, frivillige, artistar, publikum og samarbeidspartnarar har ansvar for at dei sjølve ikkje trakasserer nokon. Om ein opplever diskriminering, seksuell trakassering eller uønskete hendingar, eller vert kjent med andre har vorte utsett for slikt, skal ein varsle om dette.

Ved uønskete hendingar ber me om at du snarast råd tar kontakt med ein av desse:

- Roger Urheim (dagleg leiar), 916 67 587
- Hilde Magnusson (styreleiar), 415 66 450
- Mads Indrehus (styremedlem og tryggingansvarleg), 909 50 615

Fyll gjerne ut rapportskjema under og lever dette til ein av dei ovanfor nemnde. Alle varsel vert handsama konfidensielt og me fylgjer Balansekunst sine anbefalte varslingsrutinar: [Retningslinjer og rutiner - Balansekunst \(balansemerket.no\)](https://balansekunstprosjektet.no/balansemerket.no)

Er du usikker på om du skal melde ifrå? Ta likevel gjerne kontakt. Det er høve til å rådføre seg før ein leverer inn skjema, for å få rettleiing. Me har teieplikt og vil handsame informasjonen me får fortruleg.

Dersom du ynskjer å snakke med nokon utanfor Vossa Jazz, kan du ringe Balansekunst sin rådgjevingstelefon om seksuell trakassering og maktmisbruk i kulturlivet. Les meir her: <https://balansekunstprosjektet.no/balansekunstsviledningstelefon>

Varslings skjema

Dato og lokale/stad:

Fylt ut av:

Skildring av uønskt hending:

Rapport er levert til: